



## Møteinkalling

---

<b>Utval:</b>	<b>Stølsheimen verneområdestyre</b>
<b>Møtestad:</b>	Stølsheimen
<b>Dato:</b>	20.08.2024
<b>Tidspunkt:</b>	10:00

---

Eventuelt forfall må meldast snarast til verneområdeforvaltar. Vararepresentantar møter etter nærmere beskjed.

Orienteringar:

- Tiltaksplan og budsjett 2024
- Rapport, istandsetting av buføresti Ålrek - Skard
- Rapport, skjøtselhogst under Fossesete

Oppmøte ved Skjelingavatnet på Rv 13 på Vikafjellet kl. 10.00. Synfaring til stølen Rappen.  
Retur til Skjelingavatnet ca. kl. 16.30. Ta med niste og drikke for turen til Rappen.

Etter synfaringa er det styremøte på Myrkdalen hotell.



## Saksliste

Utvalgs-saksnr	Innhold	Lukket	Arkiv-saksnr
ST 22/24	Godkjenning av innkalling og dagsorden		
ST 23/24	Val av styremedlem til å skrive under protokollen		
ST 24/24	Orienteringar og referatsaker		
RS 10/24	Rapport - Stølsheimen landskapsvernområde - Finnabotnen - flytting av badestamp 67/3 - Vik kommune		2023/12201
RS 11/24	Rapport - stiprosjekt Stølsheimen landskapsvernområde - Sendedalen - 2024		2022/15789
ST 25/24	Endringar - Stølsheimen landskapsvernområde - Rappen - gjennoppføring av stølshus - 62/1		2024/3570

**ST 22/24 Godkjenning av innkalling og dagsorden  
ST 23/24 Val av styremedlem til å skrive under protokollen**

**ST 24/24 Orienteringar og referatsaker**

**RS 10/24 Rapport - Stølsheimen landskapsvernområde - Finnabotnen - flytting av  
badestamp 67/3 - Vik kommune**

**RS 11/24 Rapport - stiprosjekt Stølsheimen landskapsvernområde - Sendedalen -  
2024**



Arkivsaksnr: 2024/3570-0

Sakshandsamar: Anbjørg Nornes

Dato: 14.08.2024

Utval	Utvalssak	Møtedato
Stølsheimen verneområdestyre	25/24	20.08.2024

## Endringar - Stølsheimen landskapsvernombordet - Rappen - gjennoppføring av stølshus - 62/1

Vedlegg:

- 1 Fasadeteikning med utvendige mål, stølshus Rappen, Vikøren

### Innstilling frå forvaltar

Stølsheimen verneområdestyre gjev Sjur Vikøren løyve til å behalda endringane som er utført på det nye tilbygget på stølshuset i Rappen i Stølsheimen landskapsvernombordet.

Løyve er gjeve med heimel i verneforskriftene for Stølsheimen landskapsvernombordet punkt VI nr. 6. Løyvet gjeld med følgjande vilkår:

- Det skal setjast opp ei ståande list på sørveggen i bygget, som markerer skilje mellom hovudbygg og tidlegare tilbygg. Dette er vist på godkjent teikning, fig. 2 og 3 i saksframlegget.
- Nybygget skal ha ein dempa fargebruk, ikkje kvit, slik at bygget vert mindre dominerande i landskapet.
- Det kan setjast inn eit vindauge øvst i sørveggen av bygget jamfør teikningane. Vindaugen skal vera likt eller mindre enn dei andre vindauge på sørveggen av nybygget, men med same utforming.
- Restmateriale og avfall skal fraktast ut av området, og leverast på godkjent avfallsanlegg
- Det skal sendast skriftleg rapport med bilde til Stølsheimen verneområdestyre straks arbeidet er sluttført. Frist for å sluttføre arbeidet og sende inn rapport er 01.11.2024.

Stølsheimen verneområdestyre gjev Sjur Vikøren løyve til å sette opp solcellepanel på stølshuset i Rappen. Løyve er gjeve med heimel i verneforskriftene for Stølsheimen landskapsvernombordet og naturmangfaldslova § 48 første ledd og første alternativ. Løyvet gjeld med følgjande vilkår:

- Solcellepanelet kan monterast på sørveggen på eksisterande treramme. Solcellepanelet skal ha same storleik som det som er montert på bygget i dag.

Vi gjer merksam på at dette løyvet berre er behandla etter verneforskrifta. Søkjar må ta kontakt med Vik kommune for søknad om løyve etter anna lovverk.



## Saksopplysningar

Dokument som bakgrunn for saka:

- Søknad om fasadeendring – Stølsheimen landskapsvernombordet – Rappen – gjennoppføring av stølshus, *Sjur Vikøren*, 02.06.2024.
- Oppfølging av endringar på stølshus – Stølsheimen landskapsvernombordet – Rappen – gjennoppføring av stølshus, *Stølsheimen verneområdestyre*, 23.05.2024
- Merknader – Stølsheimen landskapsvernombordet – Rappen – gjennoppføring av stølshus – 62/1, 05.03.2024, *Sjur Vikøren*
- Førehandsvarsvarsel – retting av tiltak på stølshus i Rappen – Stølsheimen landskapsvernombordet, 01.03.2024, *Stølsheimen verneområdestyre*
- Stølsheimen landskapsvernombordet – Rappen – gjennoppføring av stølshus – 62/1, Vedtak 2015 – *Stølsheimen verneområdestyre*

Sjur Vikøren har sendt søknad om godkjenning av fasadeendringane som er utført på stølshuset i Rappen. Samtidig søker han om å få behalde solcellepanelet som er montert på sørveggen. Han ynskjer å montere panelet vertikalt på ei treramme fordi det er sterkare og meir praktisk enn den regulerbare ramma som følgjer med.

Sjur Vikøren oppgir fleire grunnar til endringane på fasaden:

*Grunnen til fasadeendringa og at takhøgda på tilbygget vart 40cm høgare enn planlagt, har fleire forklaringar. I 1984 blei hytta treft av eit snøskred der halve hytta blei skyvd ned i fjøsen og øydelagt, medan den andre halvparten blei skubba austover utanfor ramma den var opplagra på. Dette gjorde at hytta ikkje lenger er i vater. Det påverka rekonstruksjonen av hytta meir enn eg trudde då eg gjekk i gang med bygginga, og JaTak som skulle levere reisverk fekk ei byggteknisk utfordring. Dei sleit med å få gamlehytta og nyehytta til å vere i rett kurs i forhold til senterlinja eller mønekjølen samtidig som dei overhaldt nye byggforskrifter og krav til snølast. JaTak løyste utfordringa på ein smidig måte, som både arkitekt og eg likte svært godt, men som resulterte i at taket på nyedelen er noko høgare enn dei opphavelege teikningane. På grunn av berande konstruksjon midt i brystet får me heller ikkje sett inn glaset i midten slik som på teikninga, og det må flyttast 50 cm til venstre (sett framifrå) viss me skal få inn eit vindauge.*

*På grunn av hendinga i 1984 er integriteten i konstruksjonen til gamlehytta noko svekka, men ved å la mønedragaren gå godt inn på taket på gamlehytta tok me vekk noko av presset på gavlveggen, og forhåpentlegvis sørga for at gamledelen har fått den avlastinga den treng for å kunne bli ståande i lang tid framover.*

*I tillegg er det verdt å nemne at eg blei nøydd å heve nyedelen på hytta for å unngå at rekonstrueringa skada dei opphavelege murane. Det finns ikkje drenering under den gamle hytta og for å sikre at ei eventuell restaurering blir ståande måtte den hevast noko over bakken. Dessutan kan de sjå på eine biletet de la ved av hytta, at møna til gamle og nyehytta ikkje er i senter. Den justeringa gjorde me og for å ta vare på gamlemuren på nyedelen. Alle endringar er gjort i beste meinings, for å ta vare på mest mogeleg av det opphavelege bygget, og for å restaurere bygget så likt som mogeleg opphaveleg tilstand - samtidig som nye forskrifter er overhaldt.*



## Tidlegare handsaming av tiltaket med gjennoppbygging av stølshuset i Rappen:

### Vedtak i 2015

I 2015 gav Stølsheimen verneområdestyre Sjur Vikøren løyve til å bygge opp att nytt bygg på murane etter det gamle stølshuset i Rappen (gnr. 62 bnr. 1 i Vik kommune). I løyvet vart det gitt vilkår om at bygget skulle setjast opp i samsvar med godkjente byggetekningar.

Vedtak frå 2015:


*Stølsheimen verneområdestyre gjev Sjur Vikøren løyve til gjennoppføring av stølshus i Rappen, gnr. 62 bnr. 1. Løyvet er gjeve med heimel i verneforskrifta for Stølsheimen landskapsvernombåde punkt VI nr. 3.*

*Løyvet gjeld med følgjande vilkår:*

- *Stølshuset skal setjast opp på eksisterande murar frå det gamle stølshuset*
- *Stølshuset skal ha same storleik og utforming som det gamle stølshuset, og vera mest mogleg lik det gamle stølshuset. Stølshuset skal ha klare skilje frå hytta slik det kjem fram av bilde (før 1984) vedlagt søknad. Utvendig kledning og tak skal vera av same type som på det gamle stølshuset*
- *Vindauga skal vera av same type som opphavlege vindauga med gjennomgåande sprosser.*
- *Det skal vera ein dempa fargebruk på stølshuset og hytta*
- *Nye teikningar som er i samsvar med vilkåra og tilrådingar frå Sogn og Fjordane fylkeskommune, skal sendast til Stølsheimen verneområdestyret for ny godkjenning før arbeidet kan setjast i gang*
- *Dette løyvet gjeld i 3 år frå teikningane er godkjent. Dersom byggearbeidet ikkje er starta opp innan 3 år, må saka opp til ny godkjenning i verneområdestyret.*




Figur 1 Bilde av Rappen, vedlegg til søknad i 2015



<b>A-BIM AS</b> Lasse Asperanden 975 32 071	Sjur Vikøren Rappen	Fasade Project number: 2015-016 Date: 22.07.15 Drawn by: Lasse Checked by: - Scale: 1 : 100
--	------------------------	---

Figur 2 Byggetekning, fasade sør. Teikning godkjent av verneområdestyret i 2015.



<b>LA-BIM AS</b> Lasse Asperanden 975 32 071	Sjur Vikøren Rappen	Fasade Project number 2015-018 Date 22.07.15 Drawn by Lasse Checked by - Scale 1 : 100	A102
---	------------------------	--	------

Figur 3 Byggetekning, fasade vest og aust. Tekningar godkjent av verneområdestyret i 2015.

#### Vik kommune sin handsaming av saka

Vik kommune gav løyve til bygging av stølshuset 08.09.2015, med same vilkår som verneområdestyret.

Vik kommune opplyser at dei avventar oppfylging av saka til verneområdestyret har gjort vedtak i saka. Dersom Sjur Vikøren sender inn ein søknad som vert godkjent av verneområdestyret, vil Vik kommune krevje endringssøknad for tiltaket.



### Kva har skjedd i saka etter vedtaket frå 2015

Byggearbeidet på stølshuset i Rappen starta opp i 2018. Det er ikkje sendt inn ferdigmelding på bygget endå.

I 2023 var SNO på oppsyn i området, og sendte inn bilde som viser at bygget ikkje var sett opp i tråd med godkjente teikningar. Bilda frå 2023 viser at nybygget er høgare, har fått solcellepanel i staden for vindauge, utvendig kledning er ikkje av same type, vindaugene?? og det er ikkje sett inn skilje på sørveggen som markerer at det har vore eit hovudbygg og eit tilbygg, slik det kjem fram på byggeteikningane. Kvifargen er veldig dominante i stølslandskapet.





**Figur 2 To bilder av selet i Rappen i 2023. Foto SNO**

Stølsheimen verneområdestyre bad forvaltar fylgje opp saka overfor Vikøren. 01.03.2024 sendte verneområdeforvaltar førehandsvarslel til Vikøren med krav om retting.

**Utdrag frå førehandsvarslel om krav om retting:**

Bilde frå SNO viser fylgjande avvik på vilkåra i løyvet:

- *Taket på det nye bygget er høgare enn eksisterande bygg. Godkjente teikningar viser at det nye bygget skal ha same takhøgde som gamalt bygg.*

*Du som tiltakshavar har plikt til å fylgja vilkåra i eit løyve, og skal retta på tiltaka som er i strid med vedtaket. Retting av dette tiltaket inneber å senka taket slik at det er i flukt med den eldre delen av bygningen. Utforminga skal vera slik at den er i tråd med vedtaket og godkjente byggeteikningar. Eventuelt overskotsmateriale skal fraktast ut av verneområdet.*

*I vedtaket om pålegg om retting skal det setjast ein frist for retting av tiltaket. Tidsfristen i denne saka bør setjast til 01.09.2024.*

*Du får frist til 22.03.2024 til å uttala deg i saka. Uttalen skal sendast til sekretariatet for Stølsheimen verneområdestyre.*

**Svar på førehandsvarslel frå Sjur Vikøren**

Sjur Vikøren har sendt svar på førehandsvarslelet om å retta tiltaka på stølshuset. Han skriv fylgjande om endringane som er utført:



«Grunnen til at takhøgda på tilbygget vart 40cm høgare enn planlagt har fleire forklaringar. I 1984 blei hytta treft av eit snøskred der halve hytta blei skyvd ned i fjøsen og øydelagt, medan den andre halvparten blei skubba austover utanfor ramma den var opplagra på. Dette gjorde at hytta ikkje lenger er i vater. Det påverka rekonstruksjonen av hytta meir enn eg trudde då eg gjekk i gang med bygginga, og JaTak som skulle levere reisverk fekk ei byggteknisk utfordring. Dei sleit med å få gamlehytta og nyehytta til å vere i rett kurs i forhold til senterlinja eller mønekjølen samtidig som dei overhaldt nye byggforskrifter og krav til snølast. JaTak løyste utfordringa på ein smidig måte, som både arkitekt og eg likte svært godt, men som resulterte i at taket på nyedelen er noko høgare enn dei opphavelege teikningane. På grunn av hendinga i 1984 er integriteten i konstruksjonen til gamlehytta noko svekka, men ved å la mønedragaren gå godt inn på taket på gamlehytta tok me vekk noko av presset på gavlveggen, og forhåpentlegvis sørga for at gamledelen har fått den avlastinga den treng for å kunne bli ståande i lang tid framover. Me kan sjølv sagt ikkje garantere at det vil fungere, men det er det beste alternativet for å ta vare på den delen av historia til Rappen.

I tillegg er det verdt å nemne at eg blei nøydd å heve nyedelen på hytta for å unngå at rekonstrueringa skada dei opphavelege murane. Det finns ikkje drenering under den gamle hytta og for å sikre at ei eventuell restaurering blir ståande måtte den hevast noko over bakken. Dessutan kan de sjå på eine biletet de la ved av hytta, at møna til gamle og nyehytta ikkje er i senter. Den justeringa gjorde me og for å ta vare på gamlemuren på nyedelen. Alle endringar er gjort i beste meinings, for å ta vare på mest mogeleg av det opphavelege bygget, og for å restaurere bygget så likt som mogeleg opphaveleg tilstand - samtidig som nye forskrifter er overhaldt.

Dessverre såg eg ikkje på desse endringane som fasadeendring og sendte difor ikkje inn melding om konstruksjonsendring til dykk. Dette skulle eg sjølv sagt ha gjort, men eg håpar dette brevet kan forklare den uheldige situasjonen eg har sett meg sjølv i.»

Sjur Vikøren la ved fleire bilete (figur 5-7) som viser korleis bygget har endra seg opp gjennom tidene.



Figur 5 Gamle Rappen, foto frå Sjur Vikøren



Figur 6 Rappen 1984. Bygget vart truleg øydelagt av skredvind. Foto frå Sjur Vikøren



**Figur 3 Bildet viser dagens situasjon med ulik høyde og vinkel på taket på dei to bygga som er bygd saman. Foto Sjur Vikøren**

### Søknaden er vurdert i samsvar med

- Forskrift for Stølsheimen landskapsvernområde av 21.12.1990
- Naturmangfaldlova av 19. juni 2009
- Forvaltningsplan for Stølsheimen landskapsvernområde, rapport nr. 1 – 2017
- Retningslinjer for søknad knytt til solcellepanel i Stølsheimen landskapsvernområde – vedtatt i Stølsheimen verneområdestyre 13.03.2023njer for solcelle?

### Verneforskrift og verneformål

Føremålet i Stølsheimen landskapsvernområde er definert i verneforskrifta punkt III: «*Føremålet med Stølsheimen landskapsvernområde er å ta vare på eit vakkert vestlands fjell- og fjordlandskap med kulturminne, kulturlandskap og naturmiljø som er lite påverka av tekniske inngrep, samstundes som området skal kunne nyttast til landbruk, friluftsliv, jakt og fiske.*» Forvaltningsstyresmakta kan gje løyve til «*Restaurering og gjennoppføring av stølshus i stølsområda etter plan og teikningar utarbeidde i samråd med fylkeskonservatoren*» jf. verneforskrifta punkt VI nr. 3.

Tiltaket med montering av solcellepanel er fasadeendring og ikkje nemnt i dei spesielle dispensasjonsreglane. Difor må tiltaket vurderast etter naturmangfaldlova § 48 første ledd, første alternativ; «*Forvaltningsmyndigheten kan gjøre unntak fra et verneverd tak dersom det ikke strider mot verneverd takets formål og ikke kan påvirke verneverdiene nevneverdig, eller*



---

*dersom sikkerhetshensyn eller hensynet til vesentlige samfunnsinteresser gjør det nødvendig». Det må vurderast om vilkåra for å gje dispensasjon etter naturmangfaldlova § 48 er oppfylt, og om det kan gjevast dispensasjon til tiltaket.*

Etter naturmangfaldlova (nml.) § 7 skal prinsippa i §§ 8-12 leggjast til grunn ved utøving av offentleg mynde, og det skal koma fram av vedtaket korleis prinsippa er vurdert og vektlagt i saka.

## Vurdering

Rappen er fjellstølen til gardane Kjevlen og Fretheim i Arnafjorden i Vik kommune. Stølen ligg i Stølsheimen landskapsvernombord. Då det vart gitt løyve til gjenoppbygging av stølshuset i 2015, vart det lagt vekt på at søkjær hadde teke utgangspunkt i det gamle stølshuset (sjå figur 1), og ynskte at det nye bygget skulle vera mest mogleg lik det opphavlege bygget. Fylkeskommunen meinte det var akseptabelt at eigaren fekk bygge opp att ein kopi av stølshuset, og la vekt på at bygget skulle vera mest mogleg likt det gamle stølshuset.

I løyvet som vart gitt til gjenoppbygging av stølshuset var det sett vilkår om at det skulle nyttast tradisjonelle byggemetodar for bygging av stølshuset. I svarbrevet frå Vikøren vert det oppgitt at dette vilkåret ikkje er fulgt, og at ny byggeforskrift er lagt til grunn for arbeidet. Tilpassing til ny byggeforskrift vert oppgitt som ein av grunnane til at det vart vanskar med å tilpassa nytt bygg til den eldre delen. I tillegg vart det gjort endringar for å drenera vatn vekk frå bygga. Han forklarar at det var vanskeleg å tilpassa ny del utan å gjera endringar på bygget som stod der frå før.

Løyvet frå 2015 er ikkje fulgt på fleire punkt. Stølshuset har ikkje same storleik som det gamle stølshuset. Utvendig kledning ser ut til å vera av ein annan type. Det er sett inn solcellepanel i staden for vindauge øvst på sørveggen. Vilkåra i løyvet er altså ikkje fulgt, og bygget er oppført og tilnærma ferdig utan at verneområdestyret har blitt kontaktat, og fått vurdert om endringane skulle vere opp til ny handsaming. Endringane som er utført har ført til fasadeendring på bygget. I tillegg til å vurdere denne enkeltsaka, er det viktig å vurdere om endring av stølsbygningen kan gje presedens for framtidige saker, og slik sett kan påverka landskapets art og karakter.

I saka frå 2015 vart det lagt til grunn følgjande vurderingar etter nml. §§ 8-9:

*Søknaden gjeld gjennoppføring av stølshuset. Dette er det opning for i verneforskrifta. I forvaltningsplanen er eit av tiltaka å oppmoda grunneigarar til ivaretaking og restaurering av bygningar. Vikøren har i teikningane vedlagt søknaden teke utgangspunkt i det gamle stølshuset, og ynskjer at det nye bygget skal vera mest mogleg lik det opphavlege bygget. Forvaltar vurderer villkåra for dispensasjon som oppfylt.*

*Kunnskapen om området er henta frå forvaltningsplan og «Stølsrapporten». Det er ikkje utvalde naturtypar eller trua artar i dette område (Naturbase 16.06.2015), men Rappen er ein del av leveområde for villrein, og villrein nyttar området sporadisk. Kunnskapen om området og tiltaket jf. nml. § 8 er vurdert som god i denne saka, og føre-var-prinsippet jf. § 9 er difor ikkje tillagt vekt.*



---

Det er ikkje ny kunnskap om naturverdiar eller kulturverdiar etter 2015, og vurderinga i forringe sak vert difor lagt til grunn i denne saka.

Dette bygget på Rappen har ei spesiell historie med mange endringar. I 1953 fekk Bergen Turlag setje opp den delen av hytta som er raud i dag inntil det gamle stølshuset. Det gamle stølshuset vart øydelagt av skredvind på 80 talet og berre murane stod att i 2015 når søkjar fekk løyve til å bygge opp att ein rekonstruksjon. I denne saka er det derfor ikkje snakk om at endringane har vore til skade på eit gammalt bygg eller gamle murar. Endringane som det vert søkt om er på nybygget han fekk løyve til å setje opp i 2015. Desse endringane er drøfta med kulturavdelinga i Vestland fylkeskommune. Dei meiner det er uheldig at byggetekningane ikkje er fulgt. Vidare uttalar dei at bygget har endra seg opp gjennom tidene, og at det også tidlegare har vore ulik takhøgde på dei to bygga. Dei uttalar at det difor kan vera argument for ulik takhøgde på desse bygga. Samtidig er det verdt å merke seg at forskjellen på takhøgda då var motsett. Det huset som no er bygd opp igjen var då lågare enn den andre delen. På bakgrunn av at dette stølshuset har ein heilt spesiell historie, og at endringane vert søkt om her er utført på ein ny del av bygget, er ikkje eit historisk bygg øydelagt. Saka vil lite truleg gje presedens for andre stølshus i dette området, då det ikkje er fleire stølshus med tilsvarande bygningshistorie. På denne bakgrunnen blir det vurdert at den samla belastninga tiltaket vil ha på økosystemet (jf. nml. § 10) er avgrensa. For framtidige saker vil det vera viktig med tett oppfølging av byggetiltak, for å unngå å tape dei kulturhistoriske verdiane som stølshusa i Stølsheimen landskapsvernombord har.

Det er vanskeleg å krevje retting av tiltaka som har gitt endra fasade utan at heile bygget vert rive. Riving av bygget vil kunne gje stor miljøbelastning. Retting av detaljar på bygget kan difor vera ei betre miljømessig løysing i dette tilfellet. For å få eit bygg betre tilpassa kulturmiljøet på stølen (nml. § 12), bør det setjast krav om at det skal vera ein dempa fargebruk på bygget, altså ikkje kvit slik som i dag, slik at bygget vert mindre dominerande i landskapet. Det bør også setjast krav om å festa ei ståande list på sørveggen, som deler opp veggen i ein hovuddel og eit tilbygg. Det er i samsvar med teikningane som var godkjende i 2015 (fig. 2 og 3 i saksframlegg). Dersom det skal setjast inn vindauge øvst i sørveggen, bør dette plasserast slik teikningane viser jf. fig. 2. Dersom det ikkje er mogleg å sette eit vindauge her på grunn av takkonstruksjonen, bør det setjast inn eit mindre vindauge.

Tiltakshavar søker om å få behalda solcellepanelet på sørveggen på det nye bygget. Det har vore solcellepanel på det gamle bygget tidlegare også. Stølsheimen verneområdestyre har vedtatt retningslinjer for oppføring av solcellepanel i Stølsheimen landskapsvernombord. Utdrag frå retningslinjene:

*For å avgrensa påverknaden bør solcellepanela monterast slik at dei har minst mogleg påverknad på naturmangfaldet. Det kan verta sett vilkår som seier noko om plassering, storleik, utsjåande på solcellepanelet og kor lenge enkeltvedtaket gjelder. Solcellepanelet bør ikkje vera større enn strengt naudsynt for kva ein treng på et stølshus, og til enkelt friluftsliv.*

Forvaltar vurderer at solcellepanelet som er sett opp har ein storleik som er tilpassa det som er strengt naudsynt for enkel friluftsbruk. Samla sett vert tiltaket vurdert til å påverke verneverdien i liten grad, og vil ikkje vera i strid med verneføremålet. Presedensverknaden vert vurdert som høg, difor har forvaltninga lagt vekt på presedens når det omsøkte tiltaket har vorte behandla. Eit moderat enkeltståande solcellepanel vert ikkje sett på som




problematisk, derimot kan verneverdiene verta forringa om ein får fleire markante solcellepanel på stølshus i eit stølsmiljø. På stølen Rappen er det eit tilsvarende solcellepanel på eit nytt stølshus. Solcellepanela på denne stølen er små og enkle. Forvaltar vurderer at den samla effekten på stølsmiljøet er liten.

For å få best effekt av panelet, bør det plasserast i sørveggen, slik tiltakshavar alt har gjort. Plasseringa kan endrast til ein anna stad på sørveggen dersom det skal setjast inn vindauge øvst i veggen. Solcellepanelet skal ha same storleik og utforming som det eksisterande panelet.

## Konklusjon

Med mindre justeringar i form av endra farge og festing av ei list som viser skilje mellom tidlegare hovuddel og tilbygg, tilrår forvaltar at Sjur Vikøren får godkjent fasadeendringane som er utført på stølshuset på Rappen.

Forvaltar rår til at det kan gjevest løyve til å sette opp solcellepanel på sørveggen på nybygget.



Nord

1

1 : 100



Sør

2

1 : 100

**LA-BIM AS**

Lasse Asperanden 975 32 071

Sjur Vikøren

Rappen

Fasade

Project number 2015-016

Date 22.07.15

Drawn by Lasse

Checked by -

A101


Scale 1 : 100



Vest

1

1 : 100




Øst

2

1 : 100

<b>LA-BIM AS</b> Lasse Asperanden 975 32 071	<b>Sjur Vikøren</b> <b>Rappen</b>	Fasade Project number 2015-016 Date 22.07.15 Drawn by Lasse Checked by - Scale 1 : 100
A102 22/7/2015 18:02:01		



**LA-BIM AS**

Lasse Asperanden 975 32 071

Sjur Vikøren  
Rappen

Plan 1



Project number 2015-016

Date 22.07.15

Drawn by Lasse

Checked by - Scale 1 : 100

**A103**



Snitt  
1 : 100

<b>A-BIM AS</b> Lasse Asperanden 975 32 071	<b>Sjur Vikøren</b> <b>Rappen</b>	Snitt/kjellar Project number 2015-016 Date 22.07.15 Drawn by Lasse Checked by - Scale 1 : 100
<b>A104</b>		



<b>LA-BIM AS</b> Lasse Asperanden 975 32 071	Sjur Vikøren Rappen	3D Project number 2015-016 Date 22.07.15 Drawn by Lasse Checked by - Scale	A105
---	------------------------	--	------